

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi Openberringsdag – 3. januar 2021

Preiketekst: Matt 25,31-46

Lesetekst I: Jes 49,1-7

Lesetekst II: Rom 15,4-6

Kongen i Guds hus

Til dagen

Året er berre eit par dagar gamalt, men likevel er det på tide å tala meir om Jesus!

Kristi openberringsdag er ein flott start på 2021. Somme stader var det vel forsamling somme stader på 'Jesu namnedag' (1. januar), men elles er dette første søndagen, Herrens dag.

'Epifania' er eit flott arve-ord på denne dagen. 'Openberring' – me trur jo at Jul er openberring, ikkje berre av ord og bodskap, men av det inkarnerte ordet, Jesus Messias. Denne dagen høyrer til juletida, med kvit som liturgisk farge, altså er fest og glede 'tonen' i dagen.

Vidare ligg misjonstanken i bodskap og bønner denne dagen; me feirar trettandedagen denne søndagen, og 'dei tre vismennene/kongane' kan godt hentast fram, både slik og slik!

Til preika

Herren er blitt 12 år. Hans jordiske foreldre er fromme menneske, som gjer med barnet/ungguten det Abraham, Isak og Jakobs Gud hadde foreskrive (2 Mos 12,24ff). Guds Son, fødd av møya i Davids by, vart tidleg van med å gå til Herrens hus. Her er hans 'base', hans 'heim' utanom stova i Nasaret.

Det er godt at me som Messias-truande kristne blir minna om dette jamnt og trutt; 'Hvor David gikk i unge år / som salvet drott og vottet får / der åpenbarer Herren nå / hva David kun i ånden så.' (N 44,3).

Maria og Josef var del av følgjet som drog opp til Sion. Jesus er Israels Messias, og var del av lovnaden frå Israels Gud. Dei dreg opp til Jerusalem for å feira i offer og bøn; med seg hadde dei den inkarnerte Gud, som er 'Lammet', 'Herrens tenar'.

Var ikkje Jesu foreldre stolte av son sin og av folket sitt? Gjekk dei ikkje til Jerusalem med song i hjarta, slik dei andre i folket òg gjorde? Guten Jesus sameleis, ja, endå sterkare, får me tru. Han skulle til 'huset åt Far min', han skulle 'heim'!

I det heilage rommet, finn han sin plass mellom skriftlærde, dei som forvalta læra. Her er han i sitt rette element, her gjev han til beste ikkje berre uvanleg stor kunnskap og innsikt, men han som er Ordet kan leggja ut ordet til undring (v 47).

Om lyset frå Guds hus og Guds Son tek tak i oss denne søndagen, er noko av mørkret likevel med. Me kjenner på noko av det veksande sjokket; ei dagsreis fram og to tilbake – kvar er barnet vårt?! Vår førstefødde, Guds einborne, kvar er han!

Menneske kan sanneleg kjenna seg attgløymde og bortgløymde. Sårt sagn eller djup fortvilning, det er framleis del av vår røyndom. Tryggleiken i det kjende held frykta på avstand; me veit kva me har og kvar me har det, men brått kan vekkinga skje: kvar blei det av, det trygge, dei trygge, ja, Gud?

Maria og Josef har for alltid plotta inn ruta Nasaret-Betlehem. Men dei har også gått opp løypa for oss alle, til Guds hus der Guds Son er å finna.

GT-teksten denne søndagen, er profetiske ord frå Jes 49: Israel/Messias som 'lys for folkeslag, så Guds frelse kan nå til enden av jorda'. Og her sit me, ved 'enden av jorda', i Guds hus, om ikkje like herleg, så like mykje Guds hus som tempelet. Her har me han, 'midt mellom oss', Han som er Israels trøyst og lys og frelsar, og samstundes vår, ja, for alle folkeslag!

'Men vi som lever, vi må vel oss fryde / for vi kan syngje av hjertet i tro: / Herren for oss lot sin himmeldør bryte, / Herren er kommet blant folket å bo. / Herren er nær, Herren er her, / vi kan ham se slik han sannelig er.' (N 89).

Me bed også denne dagen for Jerusalem og for Guds folk, at dei må 'skjøna kva han meinte med dette' (v 50). Og me bed Guds Ande at me, saman med Israel, 'samstemde og med èin munn kan prisa Gud, vår Herre Jesu Kristi Far' (Rom 15,6).

Geir Paulsen

Prost i Sogn / krinsstyreleiar SFj

Geir.Paulsen@sogndal.kyrkja.no